



Egil Jordgeir Gripsgård
Riplevikvegen 22
5919 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/5517 - 21/10199

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 327/4

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 327/4
Tiltakshavar: Pål Villanger
Ansvarleg sækjar: Egil Jordgeir Gripsgård

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.02.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden om flytting av avkjørsle og finn at den ikkje er fullstendig. Vi gjer merksam på at dispensasjonssaka for legalisering av vegen til hytte i LNF-område har starta 05.05.20. Det vart sendt mangelbrev i saka 19.05.20, kor kommunen etterlyste 5 punkt. 4 av punkta er framleis ikkje svart ut.

Vi ser søknaden om flytting av avkjørsle frå kommunal veg saman med søknad om dispensasjon frå avstandskrav til veg til opphavleg søknad om dispensasjon for legalisering av vegtrase til eksisterande hytte i LNF-område. Dette fordi vi kan ikkje handsame søknad om flytting av avkjørsle separat då heile vegstrekning med tilkomst til hytte inklusiv parkeringsplassar skal nyttast.

Vi har registrert at det vart gjeve løyve på vilkår til flytting av avkjørsle frå kommunal veg den 06.01.21 i eigen sak 20/19149 av vegavdelinga. Dispensasjon frå avstandskrav frå kommunal veg og frå siktkrav skal avgjerast av vegavdelinga.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Opphavleg dispensasjonssøknad frå planføremål LNF, mottatt 05.05.20 er ikkje nabovarsla. Dette må rettast.
2. Det vart i brev av 19.05.20 etterspurt detaljteikningar snitt-, terrengprofilar med påvist skjeringar og fyllingar, med vegbredde, stigning. Desse vart ikkje motteke. Det er ikkje vedlagt teikningar i søknaden mottatt 01.02.21.
3. Situasjonsskart frå Alver kommune skal nyttast og avstand til nabogrenser, veg skal visast. Parkeringsplassar skal visast på kartet.

